Førsteblad

**NORSK ETNOLOGISK GRANSKING**

1.

Emnenr. 80.

Fylke: Sogn & Fjordane

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Jølster

Emne: Folkemedisin

Bygdelag. Stardalen

Oppskr. av: Sverre Myklebust

Gard: Veiteberg

(adresse): Veiteberg

G.nr. 18. Br.nr. 2.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. A. K. Veiteberg

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke): bonde 84 år.

## SVAR

Folk laut vere meir hardføre. Henta sjeldan dokter, som budde 5 mil unna på Sandane eller i Førde. Då besefar låg dødsjuk, spurde kona om dei skulle gå til hisbet, grannekona, så ho kunne gjere åt for han (lese åt'n). Men han ville ikkje det, då det var tarmslyng, som han og før hadde havt ein gong. Dokteren som og ville operert om det ikkje hadde vore. 2 slyng på tarmen – 1 slyng skulle han greidt på staden. Ein annan som hadde tarmslyng, sende bod etter skreddar-Andreas Egge, som kom for seint. Skreddaren var mann til jordmora, og skulle gå til bror hennar etter hjelp, då ho skulle føda. Men han gav seg så god tid at ho laut få tvillingar åleine. Ho var eine og fyrste jordmora i Jølster, og fekk 2 kr. for kvar forretning. Smått for dei!

Til å verje seg mot kalde (feber) galdt det å få sveitte ut: drakk varm mjølk m/ pepar i, gjerne heil pepar. Så la dei seg ned med mykje kle over. Elles hadde alle brennevin hos seg; 1 flaske med kamfer i. Ein måte å oppbevara kamfer, så han ikkje rauk bort. Per Arnol drakk

15859

slikt kamferbrennevin mot forkjøling.
Kraftig kost! Mor hadde alltid førska einebær
som dei koka og drakk lagen av. Einebær-
olje tok eg om morgonen på fastande
hjarta; mot ūtbygnelse ɔ: dårleg matlyst
Mot kikhoste drakk vi øykje-mjølk
Eg la meg ūnder grannemerra, som kom
frå kyrkjeferd, mjølkesprengd, og drakk
spenane. Elles mjølka dei og hesten og
drakk av koppe. Einskom vart og
kokt og silt, og drukke mot kikhoste
og forkjøling. Dr. Høhen sa det var
ikkje dårleg drikke øykjemjølk, men
han hadde meir trū på sauemjølk til
medisin. Ho var altfor lite nytta, sa Høhen
til meg.

Mot sår nyttast kamfer i br.vin
og smūrde på, og gnagsår. Sprūnger
på hand og fot drypte dei brædt beke
i, hardt men til god hjelp, held såret
mjūkt. Elles tok vi lækjeblad og
vaska og gjorde hol i og la på
bvūllar og sår. Eg skar meg i foten
så blodet spirte fram. Brūka lækje-
blad og det verkte fælt, og blødde
ikkje lite let. Men ein annan gong
eg skar meg så i låret, blodet spirte
Terna vår var så snar å ta opp i
taket etter kongelnev og la på
såret og stansa blodet. Dr. Brugge
hadde ikkje trū på kongelnev; dårleg
medisin, sa han.

Tollef Grepstad kūnne stoppe
blod med medesin han hadde laga
trūleg av feite o.a. smils. Han ville
trūleg koppa meg for frost på
hendene. Elles var det same som Lars

15859
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

for frost og bre (vriding). Elles
brūka dei smör og klauefløt,
seinare eggolje mot brandsår.
Mot klåe): smör + svovel i oske.
Mot lūs kviksölv i klauefløt
Mor hadde alltid kviksölv ståande

Dei hadde svær tru på gamle-presten
Rotrūp, som hadde sagt at han hadde
tenkt på å bli dokter. På Myklebust
levde Nikolaia Sandal, hadde tent hos
ein dokter i Oslo, og vart ofte henta
ved sjukdom. Flink. Men ho var
redd dr. Münster i Førde, og ho tok ikkje
direkte betaling.

Tjöre og terpentin var vanleg
å trive til. Og tjörelage): vatn
og tjöre drakk dei mot lunge sjuke
og tuberkulose. Soleis 2 söstre på
Heggheim. „Og brukte tjörelage mot
magorm. Men det hjelpte ikkje
så eg måtte til dokter."

Heggebærsaft hadde folk
ståande, somleis solbærsaft
var god mot forkjöling

Tjöre og salt gnidda dei i
munnen på kreatūr mot ūtbyrnelse
og terpentin og salt ümom tennene
på kyr og veist som stod og slekte
seg og sleva (av dårleg mabling).

Elles var tobakk i brennevin
kjerrig medisin, serleg for dyr. I Bakken
berga dei ei kyr for snaresykja
(miltbrand) med det. Når kreatūr
braut bein fila ein messing i
grön (graut) og gav inn dyret. Slakta
synte beinbrotet messing.
Kunst. flaske i grön gav dei kyr

15859

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

mot randsyksje, så dei ikkje skulle få <u>lakeforra</u>: Mjölka til slike kryp ville breste straks hjå kolsa, og dr. Glössen bad oss ha soda i mjölka. Medisin måtte dei få frå Bergen, seinare frå Nordfjordeid. Og ca 1900 Förde.

Dei urtene som dei hadde lege turka, var kjerringrokke, bukkeblad, sautesmette, mariland og eineber, hermannsgras (perikum) og Nikolai Astrup planta malurt som skulle vere god medan mot magesår. Men eg gjekk mykje til dr. Likevel, år 1920.

Treakkel sög ut som kaffirot, og vart bruka helst som snaps. Dyvelsdrekk var kanskje det same som Bovelsgjeld som far hadde liggjande i kista på lemmen. Eg laut ta det, så keistat det var mot uttyrelse.

Almenakker kjöpte dei for aspekterne si skuld. For bruka han til slaktinga: flo og fjöre. Gramen kom og ville sjå Sundagsbokstavane, elles greidde han seg med messingsumsdåsa (primstav)

Tollef Gryteboд hadde 2 Kalijorbökker, andre hadde dykslagin bok, og så kom Kreipss vassbörr til.

**Eksem:** Mor nytta einebærolje (på apotek) og ei grå salve mot eksem. Hadde fått salva hos ein Renne i Utvika, som var bygdedokter der. Mot <u>alvelde</u> (eksem?) laga Rasmus Hunygen her ei vassblande, han las i, og gav ut for medisin. Men mor gav seg straks i veg å mjölke ei tinsleta geit, då vi borna hadde lege på marka og blitt sjuke.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

15959